



Kjell Rune Melingen
Dolvikhaugene 88
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3561 - 15/33503

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
02.11.2015


Tilbakemelding på innsendte søknader, gbnr 40/16 Hodneland

Det vises til samtale i dag, den 02.11.2015.

I utgangspunktet var det slik at ingen av dei innkomne søknader vedrørende utslippsanlegg og utslippstillatelse var undertekna av eigar av gbnr 40/16. Kommunen behandla difor kun søknadane for gbnr 40/15. I søknadane går det fram at det ikkje vert søkt om rørleggjararbeid for bnr 40/16. Dette står mellom anna i brev datert 26.05.2015:

Eiendom 40/16 vil pdd ikke koble seg til, men ha mulighet til dette ved en senere anledning.

Vidare er det ikkje sendt inn noko tegningsmateriale som viser korleis bnr. 16 skal koble seg til reinseanlegget:



Etter møte mellom deg, Benjamin Hicks og Anne Lise Molvik, vart de einige om at utslippssøknaden kunne reviderast utan at du måtte sende dette inn på nytt. Sjå svar i kopi av revidert løyve av 26.10.2015 som er lagt ved som vedlegg. Det som er vist med utheva skrift, er endringar i forhold til tidlegare løyve. Gebyret er sendt eigar av bnr. 15 da det er han som har signert under på søknaden.

Det er slik at før ein rørleggjar kan leggje rør frå hytta di til utslippsanlegget og koble deg til dette, så må det bli sendt inn ein søknad etter plan- og bygningslova frå eit ansvarleg rørleggjarfirma vedlagt nødvendige teikningar. Vidare forstår vi deg slik at du skal innleggje vann i hytta i form av takvatn. Dette krev eit anlegg som må vere prosjektert av rørleggjer med tilhørande cisterne og reinseanlegg for drikkevatt. For å få godkjent etablering av eit slikt anlegg, må det bli sendt inn ein søknad etter plan- og bygningslova frå eit ansvarleg rørleggjarfirma vedlagt nødvendige teikningar. Du bør vurdere om det er betre, også økonomisk, å hente vatn frå borehol.

Vi kan handsame innsendte byggesøknad, datert 08.10.2015, slik den ligg føre, men dette vil ikkje medføre at det kan utførast arbeid i samband med takvatn/rørleggjararbeid/utslippsleidning. Viss du ønskjer å søkje om dette, må søknader, som nevnt i førre avsnitt, bli sendt inn gjennom eit profesjonelt rørleggjarfirma vedlagt nødvendige teikningar. Dette må sendast inn samla.

Til orientering så er det berre søknaden om tilbygg som kan handsamast i denne omgang, då det ikkje er sendt inn søknad for takvatn/rørleggjararbeid/utslippsleidning. Vi anbefalar at du trekkjer innsendt søknad og sender den på nytt via eit profesjonelt firma slik at du slipper å betale 2 gebyr for tiltaket.

Vi ber at du gir skriftlig tilbakemelding om du vil trekkje innsendt søknad og sende den på nytt via eit profesjonelt rørleggjarfirma eller om du ønskjer at vi skal handsame din søknad om tilbygg slik den er innsendt. Frist for skriftleg tilbakemelding er **1. desember 2015**.

Med helsing

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert utslippsløyve - Gbnr 4015 og 4016 Hodneland

Mottakarar:

Kjell Rune Melingen

Dolvikhaugene 88 5252

SØREIDGREND